



Møteprotokoll

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 26.05.2009 **Tid:** 18.00

Desse møtte:

Bjørn Nedreskodje, leiar
Elise Stette
Inge Øye
Terje Vadset
Torbjørn Skodjereite
Edith Stokke

Frå administrasjonen: Haldor Aasebø

SAKLISTE

Sak nr. Arkivsak

5/09 09/225
BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

Sak 5/09

BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

HANDSAMING:

Etter ei runde med avklaring av mandat vart ein samde om følgjande måte å arbeide vidare med saka på:

VEDTAK:

For Engeset skule:

Rådmannen undersøker om det er behov for, og vilje til samarbeid om å starte ein skule med særleg tilrettelagt undervisning. Og om det er aktuelt å etablere ein slik skule i Engeset skule sine lokale. Nabokommunane vert spurt om dei ønskjer å vere med i eit slikt samarbeid. Det må og avklarast kva som må til av bygningsmessige endringar.

For Brusdal skule:

Rådmannen vert beden om å undersøkje om "Brusdalsskjønnet" kan endrast slik at ein kan få auka aktivitet i bygda. (På bana)
Avklatre om det er knytt vilkår til kva for aktivitetar som kan gå føre seg i skulelokala.
Be andre kommunale organ vurdere bruk av lokala. (Til barnehage, skule e.l)
Setje annonse i avisene der ein spør om det er aktuelle leigetakarar som er interessert i å leige lokale, men at det framleis er rom for den aktiviteten som bygdefolket no har i skulen.